

Studentparlamentmøter 19-20

Møtedato 27.11.19



Referat frå Studentparlamentmøte 27.11.2019

Tid 27. November 2019 kl 16.00- 19.00
Stad Kaarstad 100

Tilstades med stemmerett:

AHL: Liv Olesen

AKF: Lars Grindvik Uri , Anders Viktor Kvile

AMF: Live Dale Fasting, Maja Susann Melbye

ASH: Leona Strohm, Ina Istad

FR: Kishore Gajendra, Arnould Duhamel, Jørgen Tyrholm

Til stades utan stemmerett:

AU: Trym Nikolas Rimmen, Mathilde Gaalaas-Berg, David Bernatek.

Faste møtande: Anna Rosa Rudin (Organisasjonskonsulent, Referent) Bernt Inge Berge
(Kontrollkomitte)

Ordstyrar: Allan Levi Melby

Inviterte gjestar:

Andre møtande: Silas Ketas, Erlend Steen Frimannslund.

Sak 00 – 19/20 Konstituering av Studentparlamentet 2019-20

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Navneopprop Gjennomført. Se oppmøteliste.

Val av møteleing og referent

Vedtak: Allan Levi Melby blir vald som ordstyrar. Anna Rosa Rudin blir vald som referent.

Val av teljekorps

Vedtak: Bernt Inge Berge og Mathilde Gaalaas-Berg blir valde som teljekorps.

Sak 21– 19/20 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innvendingar til saken: Sak 25 blir presentert først da Erlend Steen Frimannslund som skal presentere saken må gå.

Vedtak: Studentparlamentet godkjenner møteinnkalling og saksliste med fylgjande dagsorden: Sak 25 blir sak 22 og resterande saker flyttes et saksnummer frem.

Oppsett av saker til Studentparlamentmøte 27.11.2019

| Saksnr. | Sak | Type sak | Sakshandsamar |
|---------|---|----------|---------------|
| 00 | Konstituering av Studentparlamentet | V | Trym |
| 21 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | V | Ordstyrer |
| 22 | Godkjenning av referat | V | Ordstyrer |
| 23 | Orienteringar <ul style="list-style-type: none">Fadderrekruttering v/TrymNOKUT og <u>Studentuttalelsen til NOKUT</u> v/Mathilde<u>Studiebarometeret</u> v/TrymNye satsar v/<u>Paloma</u>Julebord v/ David | O | |
| 24 | Innspel til retningslinjer for standplass og plakatvegg | V | Trym |
| 25 | Arbeidsgruppe: Underskriftskampanje for gangfelt mellom HVO og Studentsamskipnaden. | V | David |
| 26 | Korleis kan lokallaga bli meir sjølvstendige? | D | <u>Paloma</u> |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | Eventuelt | | |
| | Møtekritikk | | |

Saker meldt inn til eventuelt: Trym melder inn sak om val informasjonsansvarleg

Sak 22– 19/20: Underskriftskampanje: Gangfelt mellom HVO og Studentsamskipnaden.

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar:

Erlend Steen Frimannslund presenterer saken på norsk. Trym orienterer om saken på engelsk.

Forklaring:

Vi har ca.3000 studentar på campus og alle er i løpet av studietida på studentsamskipnaden av ulike årsaker. Slik det er i dag er ein nøtt til å krysse hovudvegen utan tilrettelagte trafikkreglar. Det gjer krysninga av vegen usikker og farleg da det er uvisst om trafikken vil stoppe for fotgjengar eller ikkje.

Gjennom tillitsvalte har det verte ytra ønskjer om at denne situasjonen vert løyst. Eit mogleg forslag er at ein igangsette ein underskrifts kampanje gjort i regi av studentparlamentet. For å kunne gjennomføre ein slik kampanje bør parlamentet etablere ei arbeidsgruppe og å diskutere formålet med gruppa.

Anna informerer om at dette også har blitt tatt opp under campusutviklingsplanen og at saken støttes av studentsamskipnaden og HVO. Forslag om at samskipnaden kan flytte tilbake på campus er en sak for campusutviklingsplanen. Tidsaspektet er uvisst. Derav må det

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet setter ned ei arbeidsgruppe bestående av 4 personar til å gjennomføre ein kampanje for overgangsfelt eller overgangsbru over til studentsamskipnaden.

Innspel/Forslag til vedtak frå David Bernatek: Studentparlamentet forkastar vedtaket på grunn av at har blitt gjort fleire gangar før og blir derfor sløsing av ressursar.

Vedtak: Studentparlamentet forkastar vedtaket

Valet ble utført med aktiv røysting.

Sak 23– 19/20 Godkjenning av referat frå 25.09.2019

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Ordstyrar

Ingen merknadar til referat frå 30.10.2019

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist studentparlamentsmøte, 30. Oktober 2019.

Vedtak: Studentparlamentet godkjenner referatet frå møte i Studentparlamentet 30.10.2019.

Sak 24 – 19/20 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

-
- Fadderrekruttering v/Trym : Trym orienterer om rekrutteringsprosessen og at det foreløpig ikkje er så mange søkjare enda. Trym skal jobbe med å rekruttere folk frem over.
 - Nokut og Studentuttalsense til NOKUT v/Mathilde: Mathilde orienterer om at Nokut kommer på institusjonsbesøk 28-29 april. Studentuttalsen skal AU skrive. Studentar er velkomne til å komme med innspel.

- Studiebarometeret v/ Mathilde: Orienterer om at studiebarometeret er ferdig. Anna supplerer med at det er 65% prosent som har svaret ved HVO og at det er over landsgjennomsnittet.
- Nye satser v/Trym: Trym orienterer om at satsane til faddervekestyret og AU har auka og gjelder frå 01.01.2020.
- Julebord v/David: Orienterer om at det meste i orden, men lokale må forandrast da den opphavelige festplassen ikkje kunne ta imot Studentparlamentet likevel. Festen blir eventuelt heldt på HVO eller hos Allan Levi Melby.

Sak 25 – 19/20: Innspel til retningslinjer for standplass og plakatvegg.

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Forklaring:

I dag er det Studentparlamentet som tekk i mot og bestemmer kven som får stå på stand og kven som får nytte plakatveggen.

For standplass har vi i dag enkelte retningslinjer, sjå vedlegg 2 for ytterlegare informasjon.

Plakatveggene i BK er også tilgjengeleg for eksterne aktørar. Det er ikkje fastsette rutinar på korleis dette skal driftast men Studentparlamentet bestemmer kva prisen skal vere ved bruke plakatveggen for eksterne aktørar. Det er heller ikkje noko avgrensing på lengde for bruk av plakatveggen.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet kjem med retningslinjer til kva praksis AU skal yte ved dagleg drift for standplass og plakatvegg.

Parlamentet diskuterer forskjellige moglegheiter for å spesifisere kontrakten for standplass for å unngå overtramp og provoserande promotering. Forslag til innspel blir lista opp og stemt over.

Vedtak 1: Plakatvegg: Plakat vil bli tatt ned etter sju dagar for eksterne aktørar.

Valget ble utført med aktiv røysting.

Vedtak 2: Standplass: Brudd på å følge retningslinjene vil resultere i vedkommande blir fjernet frå campus.

Valget ble utført med urnevalg.

Vedtak 3: Studentparlamentet gir AU fullmakt til å endre retningslinjene.

Valget ble utført med aktiv røysting.

Sak 26 – 19/20: Korleis kan lokallaga bli eir sjølvstendige?

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Forklaring:

Her i Volda har vi mange sjølvstendige studentorganisasjonar og lokallag av nasjonale studentorganisasjonen. Vi ønsker at organisasjonane Volda skal vere stabile og ha gode retningslinjer for kontinuitet.

Eksempel på sak som kan drøftast:

Eit konkret eksempel er lokallaget til ISU. Kvart år bidrar studentparlamentet med organisering av oppstart og val av nytt styre. Når det nasjonale styret til ISU ikkje følger opp eller bidrar til lokallaget i Volda kan det skape utfordringar for lokallaget. Dermed kan det vere nødvendig med sær behandling av organisasjonen. Dog vil det vere vanskeleg for Studentparlamentet å yte sær behandling for lokallaget. Dette går på kostnad av dei som sitter i styret for ISU i Volda. Lite opplæring, usikkerheit og dyrebar tid for organisasjonen er nokre av konsekvensane.

Forslag til diskusjon: Studentparlamentet (SP) diskuterer korleis SP, HVO og studentsamskipnaden kan samarbeide for å styrke dei lokale studentorganisasjonane.

Forslag: Studentparlamentet (SP) diskuterer korleis SP, HVO og studentsamskipnaden kan samarbeide for å styrke dei lokale studentorganisasjonane.

Et forslag: Ha møte med studentorganisasjonane i starten av haustsemesteret for å gå gjennom diverse grunnleggande ting ved å være studentorganisasjon. For eksempel prosedyrar rundt om å søke støtte frå studentparlamentet etc.

Eventuelt

Type sak:

Sakshandsamar:

Trym orienterer om at informasjonsansvarleg har tråkket seg frå vervet og det derfor må være en ny informasjonsansvarleg. Nyval av informasjonsansvarleg

Møtekritikk

Type sak: Unnateke journalføring

Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Etter formell møteslutt tek vi ei runde der Studentparlamentet kan kome med konstruktiv kritikk og tilbakemeldingar til AU når det gjeld korleis møta blir lagt opp, sakspapir, agenda og gjennomføringa av møta m.m. På den måten kan møta forbetrast, og AU og Studentparlamentet har heile tida dialog om korleis ein ynskjer at møta skal vere.

Møteslutt: 18.36